

**Oppmannsrapport  
etter fellessensur i norsk skriftleg  
i Møre og Romsdal**

**Sentralt gitt eksamen  
NOR0214, NOR0215 og NOR1415, 10. årstrinn**

**Våren 2019  
Åndalsnes 30.06.19  
Anne Mette Korneliussen  
Oppmann**

## Innhald

Fellessensurmøte .....	3
Statistikk .....	3
Kommentarar til eksamensrettleiinga.....	3
Kommentarar til eksamenssettet.....	3
Førebuingsdelen.....	4
Oppgåvane .....	4
Hovudmål NOR0214.....	4
Sidemål NOR0215.....	4
Forslag til tema .....	5
Andre norskfaglege innspel.....	6

## Fellessensurmøte

Fellessensuren vart gjennomført på Quality Hotel Alexandra i Molde 17. juni. Det vart halde førebuande møte med fylkesmann og oppmenn 16. juni. På sensorskuleringa jobba vi med seks elevvar frå førehandssensuren. Vår eksamensregion hadde sensorskulering 5. juni på Quality Hotel Alexandra i Molde. Resultatet er auka medvit og eit betra tolkingsfellesskap når det gjeld vurdering av tekster. Vi var 28 sensorar som var fordelt på 7 sensorgrupper. Kvart sensorpar måtte levere to elevvar inn til oppmannssensur. Oppmannskontoret handsama til saman 54 elevvar under fellessensuren i år.

## Statistikk

Karakterforslag	Endelig karakter	Karakter etter klage	Endring etter klage											
Oppdatert: 19.06.2019 07:42														
<input type="text"/> Sek etter fagkode, fagnavn														
Vis data for: <input type="radio"/> Mitt fylke <input checked="" type="radio"/> Mitt sensuransvar <input type="radio"/> Mitt klageansvar														
<a>Last ned karakterstatistikk for denne visningen</a>														
Fagkoder (5)	Fagkode	Fagnavn	Karakterer	1	2	3	4	5	6	Standardavvik	Snitt for klage	Endelig snitt	Snitt nasjonalt*	
ENG0012	Engelsk 10. årstrinn, skriftlig	1158	2,68%	15,37%	29,88%	28,84%	18,48%	4,75%	1,17	3,59	3,59	3,67		
MAT0010	Matematikk 10. årstrinn	1217	1,97%	22,35%	28,51%	26,87%	15,94%	4,35%	1,18	3,46	3,46	3,56		
NOR0214	Norsk hovedmål 10. årstrinn, skrif...	808	0,99%	14,11%	40,35%	31,19%	11,39%	1,98%	0,97	3,44	3,44	3,50		
NOR0215	Norsk sidemål 10. årstrinn, skriftlig	806	0,99%	20,35%	42,43%	25,06%	10,05%	1,12%	0,96	3,26	3,26	3,11		
NOR1415	Norsk for elever med fritak fra vu...	135	28,15%	54,81%	14,07%	2,22%	-	0,74%	0,79	1,93	1,93	2,23		

\*Snitt nasjonalt inkluderer klageresultater etterhvert som disse er klare

## Kommentarar til eksamensrettleiinga

Eksamensrettleiinga hadde tydeleg og presis informasjon til elevar, lærarar og sensorar. Vurderingsområda var detaljerte og utdjupa. Vurderingsmatrisa var meir presis. Fint med førsteinntrykk.

## Kommentarar til eksamenssettet

Eksamenssettet i norsk har god form og struktur. Elevane skulle i år skrive to obligatoriske tekster i del A på hovudmål og sidemål. I del B skulle elevane skrive ein tekst. Ein kan sjå ein nær samanheng mellom eksamen og kompetanseområda. Oppgåvene er nært knytt til temaet og til førebuingsmateriellet. Det kan vere krevjande å svare på ei kompleks oppgåvebestilling med fleire delar. Elevane treng meir trening i å tolke oppgåvene og få innhald i sentrale omgrep.

## Førebuingsdelen

Temaet «Naboar» har mange innfallsvinklar. Vidareføring av ei meir norskfagleg line. Utvalet av tekstar er variert og har passeleg lengd. Tekstane har ulike sjangrar og kan både inspirere, engasjere og setje i gang refleksjon. Inspirerande bilet. Fleire av tekstene treff gutane godt. Lydfilene fungerer mindre bra.

## Oppgåvane

Oppgåvane er spissa og nært knytta til førebuingsdelen og vedlegg. Kan løysast av alle elevane på alle kompetansenivå. Oppgåvane har fleire delar som elevane skal svare på. Elevane hadde fleire oppgåver å velje mellom i del B.

### Hovudmål NOR0214

**A1 og A2:** A1 har mange bestillingar å svare på. Ikkje alle elevane klarer å finne språklege verkemiddel og ha mening om dei. I A2 klarte dei fleste å skrive kort om hovudinhaldet i artikkelen. Presisjonsnivået varierer.

B-delen har gode oppgåver som gjev moglegheit for å svare i ulike sjangrar.

**B1:** Vanskeleg oppgåve. Drøfting er krevjande. Nokre elevsvar vert reine lesarbrev.

**B2:** To personar som ser attende er vanskeleg. Fleire elevsvar skildrar vennskap, men manglar korleis vennskapen vart utfordra og styrkt.

**B3:** Mange skriv denne oppgåva.

**B4:** Få elevsvar. Ei kreativ og god oppgåve.

**B5:** Få elevsvar.

### Sidemål NOR0215

**A1 og A2:** Ukjend tekst. Fleire elevar nytta feil tekstuddrag. Strukturerte og tydelege oppgåvebestillingar.

B-delen har tydelege bestillingar.

**B1:** Få elevar har skrive denne oppgåva.

**B2:** Fungerte godt.

**B3:** Dette er ei krevjande, men god oppgåve.

**B4:** Spanande oppgåve. Kanskje er oppgåva litt for snever? Det er krevjande å få til ei god argumentasjonsrekkeje.

### Forslag til tema

\*Heime

\*Psykisk helse/ livsmeistring

\*Utsikt

\*Identitet og sjølvrealisering

\*Venleik

\*Rausheit

\*Endringar

\*Fellesskap- utanforskap

\*Miljø og klima

\*Konflikt

\*Påverknad

\*Lukke

\*God nok/ bra nok

\*Sosiale media/ nettroll

\*Fake news

\*Press

### Kommentarar:

\*Språket må få større plass. Dei formelle dugleikane ser ut til å ha hatt for liten plass i opplæringa. Dette ser ein særleg i nynorsk, både som hovudmål og sidemål.

\*Bruke songtekster og andre kulturuttrykk (teikningar og måleri).

\*Meir analyse.

\*Elevane må få vise meir fagkunnskap i skriftleg.

\*Språk versus innhald.

\*Bruke aktuelle tema i tida.

### [Andre norskfaglege innspel](#)

Sensorane er godt nøgde med matrisa og vurderingsskjemaet. Begge er nyttige verkty i sensorarbeidet. Det vart peika på at matrisa ikkje klarer å fange opp alle nyansar, men at sensorane sitt faglege skjønn og vurderingskompetanse gjer at det fungerer. Bra at matrisa var på ei side.

Sensorskuleringa er svært viktig og gjer at tolkings- og vurderingsfellesskapet i sensorgruppa er i utvikling mot meir eins praksis.

Eksamensrettleiinga er no godt innarbeidd. Nyttig og relevant informasjon til elevar, faglærarar, skuleleiing og sensorar. Elevane skal ha fått kjennskap til denne i god tid. Skuleleiinga har her eit viktig arbeid med å spreie informasjon nedover i systemet til faglærarane.

Førehandssensuren er til god hjelp i sensorarbeidet.

Fellessensuren gjekk føre seg utan store problem.

Sensorgruppa er no ei fin blanding av erfarne og nye sensorar.

Vurderingskompetansen ein får gjennom å vere sensor er god utdanning i vurdering for kvar einskild og gjennom spreiing av kompetanse rundt om på skulane.

Anne Mette Korneliussen

Oppmann

